

Statens vegvesen
Region Vest
Askedalen 4
6863 Leikanger
Referanse: 19/74166-2

Kopi:

Lindås kommune
Plan og Byggesaksavdeling
Kvernhusmyrane 41
5914 Isdalsstø
Referanse: 19/338-19/10746

Ettersending av informasjon angående søknad om avkøyrslø og dispensasjon frå avstand til vegmidte.

Viser til:

- Brev av 01.04.19 frå Lindås kommune om søknad om oppføring av fritidsbustad. Kommunen ber om innsending av søknad om avkøyrslø og søknad om dispensasjon frå avstand til vegmidte. Samstundes sender kommunen info til statens vegvesen om førehandsuttale.
- Søknad av 25.04.19 frå jk.arkitektur as til Statens Vegvesen gjeldande avkøyrslø og avstand til vegmidte.
- Svar frå Statens Vegvesen av 25.04.19. Her vert det antyda at avkøyrslø kan godtakast, men at det anbefales at 15-meters grensa ivaretas.
- Avslag på søknad frå kommune dersom ein ikkje innan 16.05 har avklart dette med Statens Vegvesen.

Utfyllande:

Tiltak frå byggherre for å imøtekomme krav:


- Mur frå hjørne på fritidsbustad mot veg tas vekk
- Fritidsbustad flyttast 1,5 meter mot nord
- Fritidsbustad flyttast 1,0 meter mot vest.(Om me kan unngå dette så flott)

Om Avstand:

Konsekvens av endra tiltak aukar avstand til vegmidte til 12,8 meter. Det er derfor fortsatt behov for å behandle søknaden som dispensasjon frå 15-meters grensa. Derfor ynskjer me dispensasjon frå 15meters kravet:

- Store delar av tomte er i praksis bandlagt med byggjeforbod dersom 15-meters grensa tolkast som absolutt. Dette medfører at tiltak presses fram på tomte og nybygg må ligge i den mest ueigna delen av tomte. Mot vest stuper landskapet fleire kotemeter ned og dei landskapsmessige inngrepa vil vera unødig store med å tvinge huskroppen for langt mot vest. Stipla linje på plan syner 15-meters grense frå vegmidte.

- Uteområdet vil måtte ligge på fritidsbustadens "bakside" dersom ein pressar fritidsbustaden for langt fram på knatten. Dette forringar kvaliteten på tomte betrakteleg.
- Vegens trafikkmengde er meget lav. Årsdøgntrafikken er på 150. Tomta sin plassering nærast på enden av Fylkesveg 394 tilseier at forventa trafikkauke må vera marginal. Eventuelle framtidige tiltak som gangfelt og utviding av veg må derfor kunne la seg løyse sjølv om ein er 2,2 meter nærare enn 15-meters grensa.
- Eitt hjørne av prosjektert fritidsbustad er innafor 15-meters grensa. Det er ingen rom for varig opphald i den sona.



Om avkøyrsl:

Foto under viser dagens situasjon.

- Det er god sikt i både retningar. Minimum 40 meter.
- Foto tatt 4 meter frå vegskulder sentralt i innkøyring



Foto viser sikt mot sør på FV 394



Foto viser sikt mot nord på FV 394

Med bakgrunn i vedlagte tilleggsopplysningar vonar me på positiv tilbakemelding. Aller helst skulle me fått ligge 11.8 meter frå vegmidte (at me ikkje flytta fritidsbustaden 1m fram). Om det blir synfaring på staden vonar me den blir utført så raskt som råd.

Mvh.

Trond Atle Næsse

jk.arkitektur as

Torgbakken 7, PB 125

5401 STORD

Tlf.: 53 41 18 78

Mob.: 93 49 74 71

e-mail: jk@jk-arkitektur.no